# Mandat

**Faggruppe 6:** **Landbruk og skog**
**Leiar:** **Kontakt i K6:** **Irene Kalstad Aase**

| **Deltakarar:** | **Kommune:** |
|---|---|
| Sissel Flagestad, Kårstein Haram og John Ole Aarsæther | Haram kommune |
| | Sandøy kommune |
| | Skodje kommune |
| Helga Færøy og Kolbjørn Snekvik | Ørskog kommune |
| | Ålesund kommune |
| | Andre |

Denne arbeidsgruppa skal ivareta kommunen sitt ansvar knytt til forvaltning av særlovene i landbruket, som jordlova og konsesjonslova. Forvaltning av tilskotsordningane innan jord- og skogbruk. Landbrukskontoret/kommunen har også ansvar innan områder som omfattar miljø, viltforvaltning og ulike tiltak innan skogbruk, samt bygdeutviklingssaker.

Innbyggarane i nye Ålesund skal oppleve et likeverdig tenestetilbod. I følge intensjonsavtalen skal basistenestene i hovudsak være lokalisert slik de er i dag, og det er en målsetting om å kunne gi tilbod lokalt, evt gjennom mobile løysningar for meir spesialiserte teneste.

- Gruppa skal kort beskrive dagens tilbod (tal lokale/arbeidsstader, stillingar mv.)
- Gruppa skal beskrive spesielle utfordingar (rekruttering, lokaliteter, kompetanse mv. som det er viktig å ta omsyn til i det vidare arbeidet).
- Gruppa skal komme med innspel til forbetring av tenestene - best mulig og likeverdig teneste til innbyggarane.
- Gruppa skal komme med innspel til kva som er viktig å ivareta når nytt organisasjonskart skal teiknast.
- Gruppa skal beskrive oppgåver som evt. blir ivaretatt på ulikt nivå i kommunane, slik at det er behov for å avklare i kva kommunalområde ansvaret skal ligge etter 1.1.20.
- Gruppa skal påpeke områder der det er kritisk å få avklaringar/finne løysningar før ny kommune er på plass 1.1.20.
- Gruppa skal gi innspel i forhold til behov for stab- og støtteteneste.
- Gruppa skal gi innspel til samarbeid på tvers og internt - kva arenaer skal nyttast
- Gruppa skal gi innspel i forhold til Innovasjon og digitalisering av tenestene - potensiale

- VIKTIG: Gruppa skal gi innspel til kva **mål** tenesta skal ha og **strategiar** for å nå måla. Bruk kommunane sine uttalte mål og strategiar i vedtekne kommuneplanar, handlingsplanar, driftsavtalar m.v. og intensjonsavtalen i dette arbeidet. Vi må samle oss om felles mål og strategiar som skal inn i kommunen sin nye kommuneplan, samfunnsdel.

**Frist: 21.10.18** for å levere kortfatta, skriftlig innspel til styringsgruppa. Gruppa kan få ytterlegare oppgåver.

Xxx
Referent – faggruppa avgjer

**Innspel som er mottatt:**

Interkommunalt eller ikkje, vert samarbeidskommunane våre med vidare? JA, jf 003/18 - Fellesnemnd nye Ålesund – Utdrag frå vedtak punkt 2:
2. Fellesnemnda vil at nye Ålesund kan delta i følgjande samarbeid, men med nye avtalar:
a. Administrativt vertskommunesamarbeid:

i. Barnevern
ii. Brannvern
iii. Kemner
iv. Krisesenter
v. IT, drift
vi. Landbrukskontor
vii. Legevakt
viii. PPT

- Kva oppgåver skal landbrukskontoret ha, det meste er fastlagt i statlege oppdrag. Skal vi overta forvaltning av kommunale landbrukseigedommar og viltforvaltning? Vil det føre til habilitetsproblem med den statlege forvaltninga vi har? (Dobbeltrolle ; søkjar og saksbehandlar/vedtaksmynde)
- Bemanning, begge kontora har vakanse i dag. Kva bemanning er det behov for?
- Lokalisering. Vi får eit stort distrikt, spesielt om vi beheld alle samarbeidskommunane. Kvar er det best for oss å vere? Er det behov for heimekontor, eventuelle ynskjer om «kontordag» frå medlemskommunane?
- Samhandling med andre kommunale etatar, kva felt/oppgåver krev samarbeid.
- Fordeling av oppgåver internt i avdelinga, ynskjer og kompetansekartlegging.